

Vilkår for leige av Hovden grendehus.

For at vi skal kunne yte god service og utnytte kapasiteten på husa godt, ber vi om at følgjande vilkår blir overholdt:

- Ved bestilling av lokale (sjå eige bestillingsskjema), oppgi rett dag og klokkeslett inkl. tida de treng til å rigge opp/ned (evt. når dette er avklart). Dette for å unngå kollisjonar, sperre for andre aktivitetar samt i forhold til reinhald av lokala.
- Bedrifter og foreningar må oppgi organisasjonsnummer, samt ansvarleg kontaktperson. Dersom ein leier lokale som privatperson, må personnr. oppgjevast dersom noko skal fakturerast. Ansvarleg kontaktperson fungerer som brannansvarleg så lenge resepsjonen ikkje er betjent.
- Alt utstyr som nyttast må setjast tilbake på rett plass. Det gjeld også bord og stolar.
- Dersom det er nødvendig å låne utstyr med ut av huset (for eksempel til å ha restemat i), skal alt kvitterast ut i resepsjonen – evt. noterast på ei liste som leggest på resepsjonsdisken dersom denne ikkje er betjent. Det skal skrivast på når utstyret forventast levert tilbake.
- Kjøkkenet skal vere rydda og vaska i tråd med eiga sjekklister.
- Dersom ikkje anna er avtalt må de forlate huset i same stand som når de overtok bruksretten.
- Dersom de ikkje finn lokala tilfredsstillande ved ankomst, er det viktig at det blir gitt beskjed umiddelbart.
- Kom og hent nøkkel dagen før tilstellinga, og lever den att dagen etter saman med signert tilbakemeldingsskjema viss ikkje anna er avtalt.
- Treng du assistanse utanom husets åpningstider, ring ansvarleg for kulturhusa i kommunen på tel. 915 60 215.

Når du signerer, tek du og ansvaret for at det er rydda og klart for neste brukar, inkl. vilkår for bruk av kjøkken hvis det er aktuelt (sjå eget ark).

Stad og dato: _____

Ansvarleg/kontaktperson/brannansvarleg: _____

Telefonnr: _____

Vilkår for bruk av kjøkken

- Kjøkkenet må vaskast etter bruk, slik at det er klart til neste leigetakar (evt. med unntak av golvet, dersom golvvask er bestilt).
- Vaskeutstyr som moppar og klutar finn de på vasketralla ved frysaren, i gangen mellom kjøkken og gymsal. Skitne klutar og moppar skal leggjast i den raude bøtta som er under vasketralla.
- Sjøppelposar finn du på vasketralla. Oppvaskmiddel, klutar, ovnsrens m.m. finnes i det kvite høge skapet ved oppvaskbenken.
- Dersom kjøkkenet og/eller utstyr ikkje er ordentlig vaska/rydda på plass, vil det utan varsel kunne bli sendt ut rekning på inntil kr. 575.-

Sjekkliste før de forlet kjøkkenet:

(Denne skal leverast tilbake saman med nøkkel)

	Kryss av
Ta all oppvask og vask alt utstyr som ikkje går i oppvaskmaskina. Vask kaffekolber og reingjer kaffetraktarane	<input type="checkbox"/>
Sorter og rydd alt utstyr tilbake på rett plass	<input type="checkbox"/>
Vask alle benkar/flater og v/behov åpne hyller	<input type="checkbox"/>
Reingjer veggar for feittsprut o.l.	<input type="checkbox"/>
Vask av komfyr og grill. Før vask av steam-/konveksjonsovn, følg anvisninga på veggen	<input type="checkbox"/>
Tøm søpla i søppeldunkane utom kjøkkeninngang. Papp og papir skal i eigen dunk (grønn)	<input type="checkbox"/>
Slå av, gjer rein og tøm oppvaskmaskina	<input type="checkbox"/>
Vask golvet (også kjølerom dersom det har vore i bruk) (Golvvask kan evt. førehandsbestillast. Pris kr. 315,-)	<input type="checkbox"/>

Kontrollert av: _____

Vi takkar for besøket og ynskjer dykk velkomen tilbake 😊

Sjekkliste før de forlet Grendehuset

(Denne skal leverast tilbake saman med nøkkel)

Kryss av

Sjekk at materialrommet innanfor gymsalen er ryddig og at utstyret ligg på rett plass.

Basketkorgene i gymsalen er sveiva opp

Stolar og bord er sett på plass

Søpla er tatt ut frå toalett osv. og alle søppel er tatt ut i Dunkane utanfor kjøkkenet.

Alle dører/nødutgangar/vindauge er låst

Alle lys er sløkt

Kontrollert av: _____

Me takkar for besøket og ynskjer dykk velkomen att 😊

HOVDEN GRENDEHUS

BRANNINFO

Alle leigetakarar / brukarar av Hovden grendehus
skal vere kjent med følgende:

- Personen som inngår avtale om leige / lån, er brannansvarleg dersom resepsjonen ikkje er betjent.
- Brannalarmen går direkte til brannvesenet som straks rykker ut
- Sjekk kvar brannslangar og anna slokkeredskap er plassert.
- Sjekk kvar rømningsvegar og nødutgangar er
- Sjekk kvar manuelle brannmelderar finnes
- Branntavle i vindfang v/hovedinngang. Hvis alarmen går, skal brannansvarleg sjekke på displayet kvar alarmen er utløyst og undersøkje staden.

Ved brann:

- Be alle gå raskaste veg ut av bygningen
- Prøv å redde alle som er trua av røyk eller brann
- Prøv å slokke brannen dersom du vurderar det som mogleg

NØDNUMMER:

BRANN: 110
AMBULANSE: 113
POLITI: 112

Vakthavande Hovden grendehus: 915 60 215

Falsk alarm:

Brannvesenet avstiller klokkene ved falsk alarm

Lest:

Dato/signatur leigetakar